



**VENTAR I SPENNING:** Her kosar barnehageungane seg i bakken der den nye barnehagen skal koma. Tomta i den svært bratte skråninga har skapt store utfordringar både for entreprenøren og kommunen. Etter planen skulle barnehagen stå ferdig i august, men så langt er ikkje spaden sette i jorda. Her kosar dei seg i ventetida; Dorthea Norman Bøe, Malin Håvåg Husevåg, Celina Håvåg Husevåg, William T. Hantveit, Emille T. Hantveit, Hanna Rutledal og Emma Rutledal

# Null framdrift for planlagt barnehage

**GULEN:** Det ser ikkje ut til å vera nokon ende på problema for ny barnehage i Eivindvik.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.no

Fem år etter at dei folkevalde gav grønt lys for ny barnehage i Eivindvik, er arbeidet framleis ikkje igang. Og ingen kan seia kor tid barnehagen blir bygt.

– Dette nærmar seg ein skandale, seier foreldrerepresentant Gunnar Bøe. Han fortel at fleire Eivindvik-foreldre neste år må kjøra barna sine til barnehagen på Haveland på grunn av plassmangel.

Etter planen skulle byggarbeidet kome igang i oktober i fjor, og bygget stått ferdig i august. Enno er ikkje bygginga igang. Kommunen skuldar på entreprenøren.

– Vi har inngått kontrakt, og

## - Nærmar seg skandale

ventar på at entreprenøren skal få utarbeidd ein utbyggingsplan for barnehagen. Han har ikkje følgd opp fristane, seier ordførar Hallvard Oppedal.

Han forstår foreldre som ventar utolmodig på at barnehagen skal stå ferdig. Den gamle legebustaden, som har vore brukt som barnehage i mange år, eignar seg svært dårleg.

– Dette har tatt veldig lang tid. Men for kommunen er det neppe noko tid å spare på å annullera kontrakten og gå ut med nytt anbod, seier han.

### – Ubrukeleg tomt

Venstre-representant Torbjørn Kolås tok framdrifta i barnehageprosjektet opp i eit spørsmål til ordføraren på forrige kommunestyremøte. Han meiner plasseringa av barnehagen, like i skrå-

ninga inn mot skulen, er ei svært dårleg løysing.

– Det kan bli veldig dyrt, seier han.

Gunnar Bøe er også sjokkert over at politikarane har plassert barnehagen i skråning som er for bratt også som akebakke.

### Må ha heis

Barnehagen skal etter planen reisas i to etasjar, og må ha heis.

– Kvifor ikkje byggja i ei høgde nede på flaten? Det virkar jo som om det er viktigare at reingjeringspersonalet skal kunna trilla vaskebotta frå barnehagen og inn i skulen, enn omsynet til ungene og deira uteareal. Driftsfordelane ved samlokalisering med skulen kan bli svært dyrt, seier Bøe.


### Først jubel - så bakoversveis

På grunn av den bratte tilkom-

sten til barnehagen må det også byggast ny veg opp til skulen.

Det vart svært godt mottatt mellom foreldra då kommunestyret i 2007 godkjende planane for ny barnehage ikkje så langt unna kommunehuset. Men då kommunen la fram ein plan for både bustadfelt, skule og barnehagen i naboområdet til dei historiske krossane, fekk fylkeskulturavdelinga bakoversveis og sette foten ned.

Sjølv om fylkeskommunen seinare gav grønt lys for barnehage i området, gjekk politikarane vekk frå dette arealet og ville ha barnehagen inn i sjølve skulen. Det var basert på ei forventning om at ungdomsskulen i Eivindvik skulle flyttast til Dalsøyra. Det skjedde ikkje, og barnehagetomta vart i staden plassert i utkanten av skuleområdet.



## "Amerika-feber" er utsett

**RADØY:** Det blir ikkje "Amerika-feber" på Sletta i sommar. Sogespelet om utvandringa blir sett opp til neste år.

– Det skuldast at vi mangla folk til nokre av dei sentrale rollene. Litt trist at vi ikkje fekk det til i samband med 15 års jubileet i år, men vi kjem sterkt tilbake, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk Utvandrings-senter.

Ho etterlyser fleire amatørskodespelarar til viktige roller i framsyninga.

– Tida vart for knapp til å få på plass dei siste brikkene, og difor valde vi å droppa framsyninga i år, seier Heierland, som fortel om god tilgang på statistar.

"Amerika-feber" har premiere torsdag 4. juli neste år, altså på den amerikanske nasjonaldagen. Då blir det fleire framsyningar i løpet av helga.

Norsk Teaterråd har gitt 50.000 kroner i tilskot til framsyninga, og Radøy kommune har gått inn med 20.000 kroner. Ida Dyrkorn Heierland håpar desse pengane følgjer med til neste år.

## Song og dans om tippoldemor

**RADØY:** Emigrantkyrkja på Sletta er arena for ei song- og danseforestilling med Haley og Hanna Wentz frå Nord-Dakota tirsdag 19. juni.

I førestillinga «Johanna Brekke», fortel dei gjennom song dans utvandringshistoria til si eiga tippoldemor.

Forestillinga er ei feiring av jentene sin eigen kulturelle bakgrunn, og tippoldemora som reiste frå Norge.

Samstundes er det ei fortelling som er felles for mange av dei som busette seg i Nord-Amerika – historia fortel om avskil med heimlandet og møte med det ukjende, nye landet.

Haley (17) og Hanna Wentz (14) uttrykkjer seg gjennom tradisjonell song, ballett og historiefortelling når dei tar publikum med på reisa til Johanna Brekke. Trass sin unge alder, har dei to søstrene utmerka seg innan klassisk ballett. Dei har begge bakgrunn frå Rinat Mouzafarow institute of ballet.

Dei ulike uttrykka blir eit kulturmøte i seg sjølv. Her er kulturuttrykket slik ein tenker seg Norge på Brekke si tid, tolka i USA i dag og fletta saman med ballett. Wentz-søstrene er no på Norgesturne i regi av Høstfest, den største festivalen for skandinavisk kulturarv i USA.

## Nytt forsøk for barnehagen

**GULEN:** I løpet av neste veke skal kommunen vurdere om detaljplanen for den nye barnehagen i Eivindvik held mål.

– Eg kan ikkje anna enn å vera forsiktig optimist, seier rådmann Martin W. Kulild. Han fortel at kommunen nettopp har fått søknaden frå entreprenøren.

Administrasjonen forkasta den første detaljplanen. Det skuldast først og fremst at den kommunale byggeleiinga meinte planen for

uteområdet ikkje var tilfredstillande ivarett.

– No skal administrasjonen behandla den nye søknaden. Utearealet er det springande punktet, seier Gulen-rådmannen.

Det var millionar i skilnad på dei to anboda som kommunen fekk inn på bygging av barnehagen. Sunde entreprenør, som fekk oppdraget, valde å basera seg på det arkitektheitekniske forslaget.

– Dersom detaljplanen blir godkjend, er det berre å setja igang arbeidet, seier Kulild.

